

Til føresette

Tilbod om skuleskyss for elevar i 2. - 4. klasse skuleåret 2011/2012

Elevar i 1. klasse som har minst 2 km skuleveg, har fri skyss. For elevane på alle andre klassesteg er grensa minst 4 km, men Fjell kommune har ei ordning som inneber at elevar i 2. - 4. klasse som bur mellom 2 og 4 km frå skulen, vil kunna få dagleg skyss til/frå skulen mot betaling av eigendel tilsvarande pris for halv barnebillett.

Dei som ønskjer å nytta seg av tilbodet må betala eigendel til Fjell kommune på førehand. Kommunen sender faktura to gonger i året, første gong i juni og andre gong i desember. Eleven får skulereisekort for skuleåret 2011/2012 på skulen etter kvart som innbetaling er registrert.

Noverande takst utgjer eigendelen for
første halve av skuleåret kr 1235,- (95 dgr.a kr 13,-).

Det er sjølvsagt ei frivillig sak å delta i ordninga, og for at vi ikkje skal senda faktura unødig, ber vi dykk som ønskjer å delta om å fylla ut og returnera vedlagde svarark innan **30.april 2011.**

Vi må få oppgitt fødsels- og personnr. til forsytar som skriv under på svararket.

Med helsing



rektor

VEDLEGG

(svarark)

Til: _____ skule

Skulereisekort 2011 /2012 mot betaling av eigendel

Eg har barn i småskulen som har mellom 2 - 4 km skuleveg, og som ønskjer skulereisekort skuleåret 2011/2012 mot betaling av eigendel tilsvarande verdien av halv barnebillett i 190 dagar. Innbetaling to gonger i året.

Elevnamn:.....

Skule..... Klasse.....

Elevnamn:.....

Skule..... Klasse.....

Bustadadresse:.....

Underskrift.....
(forsytar)

Fødsels- og personnr.....
(forsytar)

SVARFRIST: 30. april 2011

Til kommunekasserar, førast: 16000 – 2230 – (kostnadstad) – (ansvar)

Med helsing

Ellen M. Hansen
skulesjef

Eva Johanne Finstad
pedagogisk konsulent